



Saksbehandlar: Frank Tore Farsund Tveit, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 19/9282-1

## **Spelemidlar til idrettsanlegg - fordeling av restmidlar og inndregne midlar**

**Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Det vert løyvd 2 290 000 kr i restmidlar og inndregne midlar til følgjande anlegg:

Kommune	Pri.	Anleggsnr.	Søkjær	1.søk.år.	Anleggstype	Anleggskategori	Løyving
Førde	2	59457	Sunnfjord Skisenter AS	2018	Nedfart	Ordinært anlegg	779 000
Førde	5	70939	Førde kommune	2016	Skatepark	Ordinært anlegg	276 000
Jølster	2	54688	Jølster IL	2017	Rehabilitering Friidrettsbane	Ordinært anlegg	635 000
Sogndal	4	72163	Sogndal kommune	2018	Klatrepark	Nærmiljøanlegg	300 000
Vågsøy	3	60335	Vågsøy kommune	2017	Streetbasket	Nærmiljøanlegg	300 000
						<b>Totalt</b>	<b>2 290 000</b>

2. Fylkesrådmannen får mynde til å fordele eventuelle nye inndregne midlar som vert tilgjengelege før 31.12.2019.

### **Vedlegg:**

#### **Andre relevante dokument i saka:**

1. Saksframstilling – Spelemidlar til idrettsanlegg 2019 – HNK-sak 42/19
2. Elektroniske søknadar

---

### **SAKSFRAMSTILLING**

---

#### **1. Samandrag**

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å løyve resterande og inndregne midlar til fem anlegg, to av desse er eigm av frivillig sektor. Fire av anlegga er ferdig utbygd og har levert revidert rekneskap, eitt er ferdig bygd og skal revidere rekneskapen hausten 2019. Tre av anlegga er ordinære anlegg som får tildeling styrt etter kommunale planar, medan to anlegg er

nærmiljøanlegg. To av anlegga fekk tildeling i HNK-sak 42/19 den 28. mai d.å., og har rett på å få meir midlar enn det som vart løyvd i denne saka.

## **2. Bakgrunn for saka**

Gjennom rundskriv V-0732 datert 29.06.18 har Kulturdepartementet gjeve retningslinjer for tilskot frå spelemidlane. Regional plan for kultur, kommunale planar og prioriteringar legg viktige føringar for kva anlegg som vert prioritert for tildeling kvart år.

Til dei to søknadsgruppene, ordinære anlegg og nærmiljøanlegg kom det i år inn 280 søknadar, med ein godkjend søknadssum på kr. 364 126 000. Sogn og Fjordane fylkeskommune fekk tildelt 73,84 mill. kr. og saman med inndregne-, rente-, og restmidlar vart det i HNK-sak 42/19 tildelt 76,94 mill. kr til 109 søknadar.

Til klagebehandling etter tildelinga i sak 42/19 vart det sett av kr. 188 000. Det kom ingen klagesaker og fylkesdirektøren vel å rå til å tildele restbeløpet no. I perioden etter tildeling og fram til no er det også inndrege kr. 2 155 000, frå anlegg som har blitt rimeligare enn budsjettet eller anlegg som ikkje er etablert som planlagd. Fylkesdirektøren rår til at dei inndregne midlane også vert tildelt no.

Til fordeling i saka vert det dermed:

Restmidlar	kr. 188 000
Inndregne midlar	kr. 2 155 000

Tilgjengeleg til fordeling kr. 2 343 000

Framlegg til fordeling	kr. 2 290 000
------------------------	---------------

Rest	kr. 53 000
------	------------

Dersom det kjem klager på denne tildelinga, vil desse bli vurdert på vanleg måte, og då slik at om klagar får medhald, vil tildelinga skje ut i frå ramma fylkeskommunen får til fordeling i 2020.

## **3. Vurderingar og konsekvensar**

### **3.1 Prioriteringar ved tildeling av spelemidlar**

Ved vurdering av ytterligare løvving rår fylkesdirektøren til å leggje til grunn same prinsipp og prioritering som ved førre løvving av spelemidlar. Her vart det lagt vekt på å følgje kommunane sine prioritieringslister, samt å tildele midlar til anlegg som er ferdig utbygd og har levert revidert rekneskap. Kulturdepartementet legg i sitt tildelingsbrev opp til at anlegg som kan få tildelt meir midlar, skal prioriterast framom å tildele til nye anlegg slik at desse slepp å fornye sine søknadar i søknadsomgangen 2020. Slik oppnår vi god bruk av midlane og effektiv sakhandsaming. Det vert også lagt til grunn eit prinsipp frå fylkeskommunen om å tildele frivillig sektor sine anlegg framom kommunale og fylkeskommunale så langt det let seg gjere.

Av anlegga fylkesdirektøren rår å tildele no har søknad til skatepark i Førde kommune, og søknad til rehabilitering av friidrettsbane frå Jølster IL fått ei delvis tildeling av godkjend søknadssum ved førre spelemiddel-løvving. Ved å tildele desse to anlegga det resterande godkjende søknadsbeløpet unngår dei å måtte gjenta søknadane i søknadsomgangen i 2020 for å få tildelt restbeløpet. Begge anlegga er ferdig bygd, og har levert revidert rekneskap.

Når det gjeld Sunnfjord skisenter fekk dei tildelt 1 000 000 kr til snøproduksjonsanlegg i den ordinære spelemiddelsaka i år. I etterkant av denne tildelinga har fylkesdirektøren fått informasjon om at ferdigstilling av snøproduksjonsanlegget vil ta noko lenger tid enn planlagt. Samtidig har Sunnfjord skisenter inne ein søknad om støtte til nedfart. Dette anlegget er ferdig bygd og rekneskapen er revidert. Ved å inndra tildelinga til snøproduksjonsanlegg vert det frigjeve midlar som gjer at ein kan tildele midlar til nedfart. Då oppnår ein god og effektiv bruk av spelemidlane, og sokjar slepp å gjenta søknaden på nytt i søknadsomgangen i 2020.

Kaupanger IL i Sogndal kommune har gjeve melding om at det vert større endringar på søknaden om midlar til terrengsykkelpark, som fekk tildelt kr 300 000 i HNK-sak 42/19. På grunn av dette har dei valt å avstå frå denne tildelinga. Midlane som vert tilgjengelege grunna dette vil fylkesdirektøren rå til at ein tildeler til klatrepark på Kaupanger skule, i Sogndal kommune. Dette er eit anlegg som er ferdig bygd, der anleggsrekneskapen vert revidert hausten 2019. Det avstårte tilskotet går dermed tilbake til same kommune.

Vågsøy kommune har hatt mange søknadar om midlar til nærmiljøanlegg dei siste åra. Dette er særleg knytt til uteområdet ved Vågsøy ungdomsskule som har fått eit stort løft. Desse anlegga er ferdig bygd, og rekneskapen er revidert. Ettersom det er mange søknadar knytt til desse satsingane har også ventetida for å få tildelt spelemidlar til anlegga vore nok lenger enn normalt for nærmiljøanlegg. Ved å tildele til streetbasket-bane ved Vågsøy ungdomsskule i denne tildelinga vil Vågsøy kommune sleppe å fornye desse søknadane i 2020, og ventetida for dei resterande nærmiljøanlegga ved skulen vert nok lågare.

### **3.2 Samhandling med idrettskrinsen**

Fylkesdirektøren samhandlar tett med Sogn og Fjordane idrettskrins og Forum for natur og friluftsliv når det gjeld informasjon og skulering om spelemiddelordninga. Det er også naturleg å drøfte framlegg til fordeling med dei, og dette er gjort i form av munnleg og tilsendt presentasjon. Det er gjeve tilbakemelding med positiv tilråding.

## **4. Konklusjon**

Fylkesdirektøren viser til drøftingane i saka, og dei forslag til prioriteringar som er gjort. Fylkesdirektøren rår til vedtak i samsvar med framlegg til vedtak.